# Årsberetning



# Dølehalli

## 2022

*Årsberetninga gjer eit bilete av aktiviteten i laget og styrets arbeid. Saman med rekneskapen gjer årsmeldinga eit godt bilete på aktivitet og økonomisk status i laget.*

## Styrets samansetning 2022

| | | | |
|---|---|---|---|
| Leiar: | Geir Notodden | Varamedlemmar: | Astrid Åmot |
| Nestleiar: | Gunvor Høydal | | Ottar Gjersund |
| Styremedlemmer: | Helge Inge Bruhaug | | Ellen Wennevold |
| | Hege Bjåland | | Bjørg Nordlien |
| | Terje Nilsen Haugen | | |
| Valkomité: | Olav Nordskog | | |
| | Mari Gjersund | Kasserar: | Solveig Jamgrav |
| | Torunn Solli | Revisor: | Åsulf Råmunddal |

## Styrets arbeid

**Styremøte**

Det er halde 3 styremøte og 10 saker er behandla.



| | |
|---|---|
| Sak 01.22 | Rekneskap 2022 |
| Sak 02.22 | Aktivitetsplan |
| Sak 03.22 | Vedlikehald |
| Sak 04.22 | Diverse |
| Sak 05:22 | Coop bygget |
| Sak 06.22 | Basar |
| Sak 07.22 | Dyrsku'n |
| Sak 08.22 | Julebord |
| Sak 09.22 | Årsavslutning |





**Aktivitet**

- Vårdugnaden blei ein riktig stordugnad i år. Mange møtte opp med ulik reiskap, så me fekk tatt ein god sjau på heile området.
  Me måla ferdig muren utvendig, kappa renning, raka, rydda og køyrte alt bort. Innomhus var det vask av heile lokalet som skulle utførast.
- Me har nokre flinke folk i bygda som vart samde om at no må gardiner i storsalen fornyast. Og det tok ikkje lang tid før den jobben vart utført.
- Basar kunne igjen gjennomførast til glede for alle i bygda. Ein nesten rekordstor oppslutning og eit veldig godt økonomisk resultat. Bygdefolket viste at Dølehalli er ein viktig sosial møteplass som er av stor verdi.
- Full sal, stinn brakka. Det er ord me kan nytta når me skal beskriva festen andre joledag. Me har nokre gilde jenter som veit korleis ein fest skal vera og då er dei ikkje lenge om å fylle salen med danseglade ungdomar.



- Me glede tok me imot nyhende frå Seljord om at detta året skulle Dyrsku'n i gang att. Dyrsku'n har jo vore ei god inntektskjelde for Dølehalli og Idrettslaget kvart år. Slik blei det i år også. Fleir oppgåver og skremde ikkje bygdefolket som møtte opp og gjorde ein utmerka innsats.



**Utleige**

- Me har merka ein stigning i etterspurnad av leige av lokala etter pandemien.
- Me set pris på den faste leietakaren Skreppa, som gjer eit betydeleg bidrag til inntektene.
- Vidare har «Vevkjerringane» nytta både 1 etg og kjellar i skulebygget
- 
- Leilegheita i skulebygget har også gjeve konn inntekter.





## Marknadsføring og informasjon.

Dølehalli si heimeside har vore ein god informasjonskanal siste år. Det kan sjå ut som Morgedølane no er vande med å nytte denne sida for ulik informasjon.
Heimesida har vore den viktigaste kjelda for informasjon og dokument i samband med Dyrsku'n dugnaden.
Det har ikkje vore sendt ut papir til nokon av dei 98 personane som deltok i dugnaden.




Styret er medveten om at det aldri kan bli nok informasjon om kva som gjeng føre seg i grendelaget , men det synast som den digitale informasjonen frå Dølehalli fungerer tilfredsstillande. Slik aktivitet har vore ein uttalt strategi for styret sidan me no er eit grendelag og heile bygda er medlemmar.
Det er ikkje ein dag kor det ikkje er nokon innom heimesida konns for å få informasjon.

## Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Styret vurdera aktiviteten som tilfredsstillande sett i samband med den økonomiske situasjonen som grendelaget er i.

## Økonomi

Dei tri siste åra har av kjende omstende omsetninga vore svak og har ikkje gjort det mogleg med aktivitetar eller vedlikehald utover det naudsynte.

**Resultatregnskap med balanse**
Årsrekneskapen visar eit grendelag med ein svak økonomi og ein redusera handlefridom. Siste år har me klart å få rekneskapen over på den positive sida.
Dei årvisse hovudinntektene kjem frå basar og Dyrsku'n har siste år vore mogleg å gjennomføre. Rekneskapen syner ein betydeleg forbetring, men det må halast att på utgifter slik at me kan bygge opp ein reservekapital. Noko dei siste åra har vist konn er naudsynt.

**REKNESKAP**
**HOVUDTAL**

| | | Rekneskap | Rekneskap | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|
| **Husleige** | **Skreppa og vev** | 60 | 56 | 59 |
| | **Lokalar** | 0 | 0 | |
| | **Leilegheit** | 23 | 22 | 38 |
| | **SUM** | 83 | 78 | 97 |
| **Tilskiping** | **17.mai** | 0 | 0 | 4 |
| | **Basar** | 0 | 0 | 44 |
| | **Andre** | | | 96 |
| | **Sum** | | | 143 |
| **Dugnad** | **Dyrsku'n** | 0 | 0 | 32 |
| | **SUM** | 0 | 0 | 175 |
| **Tilskot** | | 0 | 0 | 5 |
| **Tomteleige** | | 2 | 2 | 3 |
| **Gåver** | | 8 | 1 | 0 |
| | **SUM INNTEKTER** | 93 | 81 | 303 |
| | | Rekneskap | Rekneskap | Rekneskap |
| | | 2020 | 2021 | **2022** |
| **Straum** | | 57 | 72 | 128 |
| **Forsikring** | | 30 | 32 | 27 |
| **Renovasjon / kom avg** | | 16 | 25 | 68 |
| **Vedlikehald** | **andre** | 10 | 0 | 5 |
| | **SUM** | 113 | 129 | 228 |
| **Brøyting** | | 8 | 8 | 7 |
| **Rentokil** | | 7 | 8 | 9 |
| **Kontor og drift** | | 0 | 2 | 2 |
| **Møter** | | 0 | 0 | 1 |
| **Gåver** | | 1 | 0 | 0 |
| **Marknadsføring** | | 0 | 1 | 1 |
| | **SUM UTGIFTER** | 129 | 148 | 246 |
| **TOTALT RESULTAT** | | -36 | -67 | 57 |

Fullstendig rekneskap føreligg i eige dokument og i innkalling til årsmøte